



# Merknadar til utkast til ny forskrift om fiske utanfor vassdrag med anadrom fisk – Vestland etter andre gongs høyring

## Innhald

Miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova.....	1
Generelle merknadar til forskrifa.....	1
§ 5. Fiskeregler i munningsfredingssonene .....	2
§ 6. Fiske utanfor kraftverksutløp .....	2

Forslaget til ny forskrift om fiske utanfor vassdrag med anadrom fisk – Vestland vart sendt ut på lokal, regional og sentral høyring i mai 2022. Etter gjennomført høyring med frist 9. september 2022, foreslo vi å endre § 5 og § 6 i forslaget til forskrift som regulerer fiske utanfor vassdrag med anadrom laksefisk og nedsenking av garn i sjøen. Utkast til ny forskrift vart difor sendt på ny høyring 10. november 2023. Høyringa vart òg annonser på våre nettsider. Fristen for å komme med fråsegn var 20. desember 2023.

Vi fekk inn seks fråseigner innan høyringsfristen. Følgjande sendte fråsegn til høyringa: Bergen kommune, grunneigarane til Fosselva, Hordaland grunneigar – og sjølaksefiskarlag, Dale jakt og fiskarlag, Sør-Norges Fiskarlag og Jan Hovland. Etter fristen fekk vi i fråsegn fra Elveeigarlaget Osen-Vestre Hyen, som vi også har teke med vidare i sakshandsaminga.

## Miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova

Føremålet med forskrifa er å gje anadrom laksefisk (laks og sjøaure) naudsynt vern mot risiko for overfiske i sjø i Vestland fylke. Etter naturmangfaldlova § 7 gjeld miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 til 12 som retningsliner ved utøving av offentleg myndighet, og det skal gå fram av vedtaket korleis desse prinsippa er tekne omsyn til og vektlagt i vurderinga av saka. Dette inneber at kunnskapsgrunnlaget i saken skal være tilstrekkeleg. I tillegg skal prinsippa om føre-var, samla belastning på økosystemet, kostnader ved miljøforringing og miljøforsvarlege driftsmetoder vurderast. Forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 skal også bli trekt inn i skjønsutøvinga. Dei ulike prinsippa understøtter føremålet med forskrifa. Prinsippa er trekt inn både i utarbeidning av forslag til forskrift, den heilskaplege vurderinga av dei innkomne fråsegnene og i endeleg forskrift. Vi har berre kommentert prinsippa nærmere i einskilde tilfelle.

## Generelle merknadar til forskrifa

Bergen kommune og Dale jakt- og fiskarlag støtter endringane som er foreslått. Bergen kommune vurderer at endringane forenklar regelverket, og ivaretar samstundes omsynet til sårbare lakse- og sjøaurestammer. Kommunen peiker på at lokale tiltak i vassdraga, og betre forhold i sjøfasen, kan i framtida auke mengda sjøaure i Nordåsvatnet. Om det vert ein realitet, ønskjer kommunen at vi



## Statsforvaltaren i Vestland

vurderer ein tidsavgrensa fiskeperiode i Nordåsvatnet sjølv om vassdraga som renn ut kanskje ikkje er ope for fiske.

Jan Hovlandsdal støtta opp om forslaget til ny forskrift, og meiner at det er ein god løysing.

Grunneigarane til Fosselva ønskjer å få innført utvida munningsfredingssone utanfor Fosselva i Kvam. Dei peiker på at laksestamma er under svært sterkt press etter bygging av nytt kraftverk, og alt for få laks har vorte observert dei siste åra. Grunneigarane meiner at fisketrykket vil bli alt for stort for dei få laksane som går og venter gjennom sommaren på nok vatn til å komme seg opp i elva.

*Statsforvaltaren* viser til at når forhold endre seg, så vil vi kunne endre på forskrifa, jf. Bergen kommune sitt innspel om Nordåsvatnet. Vi tar elles til orientering fråsegnene til Bergen kommune, Jan Hovlandsdal og Dale jakt og fiskarlag som begge støtter endringane i utkast til ny forskrift.

Grunneigarane til Fosselva ønskjer ei utvida munningsfredingssone utanfor Fosselva. Deira forslag i første runde til avgrensing av munningsfredingssone er tilnærma lik dagens 100-meterssone. Vi vurderte difor at dagens 100-meterssone dekkjer ønskja til laget. Om laget likevel ønskjer ei utvida sone utover dette, kan det gjennomførast i ein eigen prosess på eit seinare tidspunkt, der kommunen er involvert.

Merknader til § 5. Fiskereglar i munningsfredingssonene

Sør-Norges Fiskarlag viser til felles uttale frå Fiskarlaget Vest og Sogn og Fjordane Fiskarlag, samt Fiskeridirektoratet sin uttale, kor det blir stilt spørsmål rundt kunnskapsgrunnlaget for restriksjonane for yrkesfiske ved vassdrag med anadrom fisk. Notfiske etter pelagiske artar, særleg brisling, er det mest aktuelle fiskeriet innanfor munningsfredningssonene, og vil bli hardast ramma av forskrifa. Verken forsking, statistikk eller erfaringar visar at bifangst av anadrom laksefisk er ei relevant problemstilling i kystnært notfiske. Yrkesfiskarane sin erfaring, kunnskap og moderne hjelpemiddel sikrar mest mogleg effektivt fiske med minst mogleg bifangst. Restriksjonar på for eksempel areal vil kunne føre til større tidsbruk, fiskepress og drivstoffbruk. Fiskarlaget meiner at det må opnast for notfiske innanfor 500 meter i munningsfredningssonene. Fiskarlaget uttalar også at det i den nye forskriften må vere opning for å låssette fangst, og viser til § 1 i dagens forskrift om fiske ved utlaup av vassdrag med anadrome fiskeartar i Hordaland.

*Statsforvaltaren* viser til at grensa på 500 meter for notfiske, er i tråd med *retningslinjer for regulering av fiske ved utløpet av vassdrag med anadrome laksefisk* frå Miljødirektoratet. Alternativet er å forby lysfiske i sonene. Fleire av høyningspartane i fyrste høyring kom med innspel som viste til at ein stor del av anadrom fisk går ut frå vassdraga etter gyting. Fiske i munningsfredingssonene om hausten og vinteren ville difor kunne føre til uheldig uttak av anadrom fisk. For å få eit betre vern av laks og sjøaure, samt eit lettare tilgjengeleg regelverk, vurderer vi at det bør vere ei 500-metergrense for notfiske.

Vi har i dag tilstrekkeleg kunnskap til å regulere fisket i munningsfredingssonene.

Kunnskapsgrunnlaget viser oss at laks og sjøaure er i munningsfredingssonene store deler av året, noko som òg er blitt peikt på av fleire av høyningspartane i fyrste høyring. Vi veit òg at til dømes brisling inngår i dietten til sjøaure, og at det er sannsynleg fare for bifangst av sjøaure i notfisket. I tillegg har vi òg fått opplysningar frå tidlegare fiskarar og eldre rapportar som visar bifangst av laksefisk. Vi er ikkje av den oppfatning at notfiske er ein av årsakene til at mange av våre stammer av



## Statsforvaltaren i Vestland

laks og sjøaure er svekka. Men, vi meiner at not-, snurrevad og trålfiske kan vere ein uheldig tilleggsbelastning på stammer av laks og sjøaure som allereie er svekka, og at det er viktig å ta omsyn til dette i reguleringa av fiske.

Gjennom høyringane er det blitt klart at vi ikkje tok nok høgde for anadrom fisk, og då særleg sjøaure, sin bruk at munningsfredingssonene haust og vinter. Å opne opp for not-, snurrevad og trålfiske i områder vi veit samlar anadrom fisk, på ein tid av året dei kan samle seg i området, vil etter vårt syn ikkje i vere tråd med naturmangfaldlova sine krav til forvaltningsmål for artane, jf. § 5. Vi har òg teke omsyn til naturmangfaldlova § 10, som set krav om at påverknaden på eit økosystem skal bli vurdert ut ifrå den samla belastinga som økosystemet er eller vil bli utsett for. Saman med føre var prinsippet tilseier dette at det ikkje bør opnast for fiske med not, snurrevad og trål nærmare vassdrag enn 500 meter i munningsfredingssonene.

Det er ikkje ønskeleg å tillate låssettingsplasser i munningsfredingsonane, då sonane er oppretta for å gi laksefiskbestandane eit særskild vern innanfor eit avgrensa område, og det er då ikkje ønskeleg med aktivitet som kan forstyrre fisken i sårbare periodar. I tillegg har vi erfaring med uheldige låssettingser utanfor vassdrag med laksefisk, som kan hindre fiskens frie vandring, som er i strid med lakse- og innlandsfiskelova.

Elveigarlaget Osen-Vestre Hyen meiner at endringa som er foreslått i § 5 bokstav c, vil kunne ha betydeleg negativ bestandseffekt i deira vassdrag. Munningsfredingssona i vassdraget er lang og smal. I tillegg er det lange periodar med lite vann i elven, og laks og sjøaure står i munningsfredingssona utan å gå på elva. Dorgefiske i dette området vil i følgje laget medføre betydeleg beskatning på både laks og sjøaure. Elveigarlaget visar til at det er svært avgrensa haustbart overskot, og gytebestandsmålet i vassdraget nås med strenge reguleringar. Dorging i munningsfredingssona vil ikkje vere regulert av kvote, og det er ikkje mogleg å skaffe oversikt over fangstane. Dei meinar at ei eventuell opning for dorging i munningsfredingssonene burde vore regulert individuelt elv for elv. Då kunne ein evaluert totalbeskatninga av haustbart overskot, og utforminga av munningsfredingssona, og dermed betydninga for fangsten før man eventuelt opnar for dorgefiske.

Elveigarlaget uttalar at dei same kommentarane gjeld endringa som er føreslått i § 5 bokstav a. Dei uttalar likevel at fangsten vil være mye meir avgrensa og dermed akseptabel gitt at det er viktig at ålmenta har tilgang til fiske.

*Statsforvaltaren* fekk mange innspel på at fisketida for ulike reiskap/fiskemetodar bør følgje fisketida i vassdraget, slik at reglane vil bli enklare handheva. Fisketida for dorging vil følgje fisketida i vassdraget, og det er berre ope for fiske etter laks. Bestandtilstanden for laks er vurdert å vere «god» (for perioden 2015-2019), og tilstanden til sjøaure er vurdert å vere «dårlig» (vurdert i 2021). Vi vil følgje med på om endringane i reglane vil ha ei negativ effekt/føre til overbeskatning på laksebestanden, eller høg bifangst av sjøaure, i samband med dorgefiske innanfor sona. Dersom vi ser at det er behov for endringar i forskrifta for munningsfredingssona utanfor vassdraget, er det fullt mogleg å endre reglane for denne sona. Munningsfredingssona utanfor Osenelva er smal, men den er òg blant dei lengste munningsfredingssonene vi har.

Hordaland grunneigar – og sjølaksefiskarlag meiner forslag til ny forskrift ikkje tar omsyn til sjølaksefiske, og at det særleg for Vossovassdraget og utvida munningsfredingssone blir feil. Forbod mot fastståande reiskap vil få store følgjer for Stamnesområdet. Laget ønskjer at forskrifta vert endra



## Statsforvaltaren i Vestland

på dette punktet, slik at ein i framtida kan drive sjølaksefiske på tradisjonelle lakseplassar i deler av munningsfredingssona for Vossovassdraget. Eller så bør omfanget av sona reduserast. Laget meiner òg Statsforvaltaren ikkje kan inndra retten til sjølaksefiske i sonene, og etterspør om Statsforvaltaren skal kompensere gardsbruka for tapet.

*Statsforvaltaren* viser til at fisket vert regulert for å verne anadrom laksefisk mot risiko for overbeskatning. På bakgrunn av tilstanden for bestanden av anadrom laksefisk i Vossovassdraget er det vurdert at det er naudsynt å setje særlege grenser for fiske i munningsfredningssona. Reguleringa inneber at det vert sett grenser for grunneigars råderett av miljøomsyn, men er ikkje ei inndraging av sjølvre retten til fiske av laksefisk. Dersom tilstanden til bestanden av anadrom laksefisk endrar seg, vil også reguleringa av fisket kunne endra seg i framtida. Vi viser til lakse- og innlandsfiskelova § 16 der det går fram at grunneigars rett til fiske etter anadrom laksefisk gjeld med dei innskrenkingar som følgjer av føresegner gitt i eller i medhald av lov.

Det følgjer av juridisk teori og rettspraksis at det er ein høg terskel før inngrep som inneber rådighetsinnskrenkingar i eigedomsretten gjev rett til erstatning etter Grunnloven § 105. Vi viser mellom anna til Rt. 1973 s. 705 som gjaldt spørsmålet om ein yrkesfiskar hadde krav på erstatning som følgje av vedtak om freding av Vikedalselvas utløp og tilstøytane områder. Retten uttalte i denne samanheng:

*«Fredningsbestemmelsene forfølger et viktig samfunnsmessig formål som er anerkjent og oppmuntret av lovgiveren. Det er alminnelig erkjent at laksestammen er sterkt beskattet og at fredningstiltak er nødvendig for å bevare den. Det er også på det rene at munningsfiske, som man her har å gjøre med, beskatter laksebestanden særlig sterkt. Munningsfredning er da også anerkjent som et meget nyttig og tjenlig tiltak som har hjemmel i vår lakselovgivning og har vært nyttet fra noe mer enn 100 år tilbake, og det har alltid stått sentralt blant fredningstiltakene.»*

Sjølv om fredningstiltaket vart vurdert til å vere eit vesentleg inngrep i retten til å fiske, meinte retten at vedtaket likevel ikkje var ekspropriasjonsarta, og yrkesfiskaren hadde dermed ikkje rett til erstatning.

Fiskereglane i forskrift om fiske utanfor vassdrag med anadrom fisk i Vestland må vurderast på tilsvarande vis. Innskrenkinga av grunneigarane sine rett til å fiske etter forskrifta § 5 er etter vår vurdering ein rådighetsinnskrenking som ikkje utløyser rett til erstatning etter Grunnloven § 105.

Merknader til § 6. Fiske utanfor kraftverksutløp

Det kom ingen merknadar til § 6.